Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 | Fylke: Nordland
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Grane
Emne: Skav | Bygdelag:
Oppskr. av: P. B. Sörmorn | Gard: Dahlbu
(adresse): Fellingfors | G.nr. 48 Br.nr. 12

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Noko samnamn for dei ymse slag fôr utanom höyet: Ein kalla det hjelpefôr eller òg naudfôr.

2 Attende i tida, for omlag 40-50 år sidan vart både skav, beit og krom nytta mykje som hjelpe- eller naudfôr, men noko samnamn for dette hadde ein inkje.

3 Gjerningsordet skava böygde ein såleis: - skjev - skov - skave.

4 Som nemnd i sp 2, har skav vori mykje brukt før i tida i Grane, men det vart nytta til hjelp i vanskelege år. Men einskilde gardar der ein støtt hadde for lite hög når det lei uti mars månad, så laut ein ty til skavet. Det såg endåtil ut som at denne fôr-løysa fylgte med garden - som om det höyrde med til garden. Det var som det gjekk i arv frå far til son.

9168

5 Til skav nytta ein bore-rann eller rogn som vö seitt i Gran. Og skav av rogn var halden for å vera gjævast.

6 Ordet skjerva kjenner eg, og vart nytta om rogn.

7 Nokre ein som fortel korleis det er med godleiken åt dei ymse treslag når dei nytta skav - har eg inkje høyrt om.

8 Det var serleg kui og geit som fekk skav. Skavet vart gitt for seg sjølv - og sjeldan blanda med anna för. Når det leid uti mars månad tok ein til å gjera kröttera skav.

9 Mjölkemengda auka når kyrne fekk skav av rogn. Mjölka vart gulare og smöret fint. Gav ein kyrne skav av asp, vart det bitg smak på mjölka.

10 Mykje godt, drog ein eins ærend til skogs for å hente ved til skaving. Skjervedn skav ein inkje ja, ein barka den sjölnsagt, men borken vart inkje nytta til kröttera. Kyrne åt inkje granbark, men geitene åt den, dersom den var tynn og fin.

11 Det hitte: Dei er dregne til skogs for å henta skav eller skav-ved.

12 Veden dei henta kalla dei skav-ved.

9168

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

13 Gjerningsardet marka har eg elles ingen her i Gram nokso kjendskap til. Det har ikkje vori nytta her.

14 Det var seinig i mars ein drog til skogs for å hugga skav eller skav-ved. Det var jamt vanleg at ein såg i tida før ein tok til med skaving. Fyrst når strå fôret tok til å minka skulle då fyrst drog ein til skogs - og føret og vêret kunne alltid ikkje vera det beste - og då vart det både tungt og hardt arbeid.
At kvinnfolka skulle til skogs og hugga skav langfredag på fastande hjarta har ingen her nokor kunne om.

15 Medan dei skav heldt dei til i stova eller i ei arbeidsstova. Hadde ein ikkje hest eller berre få kyr, skav ein ute i marka der ein hogg skav-veden. Skavet hadde ein i ein tynnesekk og drog eller bar det heim til gards. Det var seinig i april eller i mai ein kunne skava ute i marka - dagane var då lange og varme så bra at ein kunne vera ute i marka

16 Til skavkniv vart ein god tollekniv mest bruka

17 Skav-veden saga eller kutta ein av i passande lengder - som



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

eller omlag det, så heldt ein skav-
kjeppen med vinstre hand og skov
med høgre. Ein tok til nest på kjep-
pen og skov tunne remser. Var
skav-veden grov eller nokso tjukk,
sette ein åm eine enden av veden
mot ein stabbe eller ein simpel
krakk.
Hesjeveden barka ein med øks eller
òg med bandakniv. Brukte ein
bandakniv la ein hesjestonga
på to bukkar og sat til skrevs
over stonga.

18 Det er inkje kjent her i Grane
at ein har nytta ei stong eller skav-
hal under skaving. Ordet skav-
hal er inkje kjent her i bygda.

19 Skov ein heime på garden, sat
ein bøygd framover og heldt skav-
kjeppen med vinstre hand og snud-
de skavkjeppen rundt med vinstre
hand etter kvart som ein skov.

20 Veden ein skov kalla ein skav-
ved, men veden som ein hadde
skave, kalla ein skjove.

21 Sjølve borken ein skov kalla ein
skav.

22 Ein skov inkje berre tunne kjeppar
men og tjukke. Men var veden
tjukk, kunne ein skava berre
tunne remser.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9168

23 Nokon ulike namn på veden
anten den var tjukk eller tunn
kjenner eg inkje til.
Ordet skjove-hutte i fleirtal
skjovlar.

24 Skavet skulle helst vera tunt
og fint - då åt dei det betre ser-
leg dersom kyrne inkje var vane
med skav.
Ein tok inkje berre det ytste
av borken, men like inn til
veden.
Sume var serleg flink og rask
til å skava, det skulle öving og
ei serleg lag til dette arbeidet
som til mangt anna

25 Skjovan vart nytta til bak-
skovle, omnsvole eller peisvole.

26 Skav vert lite nytta no for
tida, men heilt slutt er
det inkje med å nytta skav
til hjelpefôr. Det finst enno
dei som må ty til skavskogen
når stråfôret tek til å minka.

9168
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING